



KRAFT
MUSEET

Norsk vasskraft- og industrihistorie museum

ÅRSRAPPORT 2018

Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikums-tilbod både i Tyssedal og Odda.

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.

Følgjande verksemdar, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekke interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

INNHALD

1. Organisasjonen	s. 3
2. Økonomi	s. 4
3. Fornyning	s. 5
4. Forvaltning	s. 7
5. Formidling	s. 9
6. Forsking	s. 12
7. Oppsummering	s. 13
8. Revisjonsmelding	s. 14
9. Resultatrekneskap og balanse	s. 16
10. Notar	s. 20

1. Organisasjonen

Direktør	Knut Markhus
Administrasjonsleiar	Mette Haraldsen
Avdelingsleiarar	Svein Jåstad Åsne Dolve Meyer
Styret	Rolf Nesheim, styreleiar (Hordaland fylkeskommune) Torolv Mikkelsen, nestleiar (Odda kommune) Torill Selsvold Nyborg (styreoppnemnt) til 17. september 2018 Trude H. Letnes (styreoppnemnt) frå 17. september 2018 Tore M. Sellæg (Norsk Industri) Hans Henrik Haukaas (Statkraft) Margit Aga Jordal (LO i indre Hardanger) Bjørn Seim (Museumslaget) Svein Jåstad (tilsette sin representant) Observatør Brigit Olav Samdal (NVE)
Revisor	Odda Revisjon AS/ v statsaut. revisor Nils Magnus Berge

Styret hadde 4 ordinære styremøte i 2018 og handsama i alt 31 saker.

Ved Kraftmuseet vart det i 2018 utført 16,2 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. I 18 faste stillingar vart det utført 15,3 årsverk ved Kraftmuseet. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 0,9 årsverk, gjennomført av i alt 6 personar.

Kraftmuseet arbeider for likestilling mellom kjønna - organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 9 menn og 9 kvinner. Direktør er mann, dei to avdelingsleiarane er ein mann og to kvinner. Kvinneandelen i styret er 25 %.

Kraftmuseet hadde i 2018 eit sjukefråvær på 4,27 % mot 4,5% i 2017 . Langtidssjukefråværet var på 3,1 % mot 2,8% i 2017. Korttidssjukefråværet gjekk frå 1,7 % i 2017 til 1,18 % i 2018. Vi hadde ingen arbeidsulukker. Kraftmuseet er ei IA-verksemd.

Kraftmuseet er medlem av Bedriftshelse 1. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Odda kommune, Riksantikvaren, Hordaland Fylkeskommune, Statkraft, AS Tyssefaldene, og ulike museum. Reisemål Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar vi tett saman med Trolltunga Active og Odda turistkontor. Museet samarbeider med lokale verksemdar og næringsliv, og prøver i størst mogleg grad å kjøpa varer og tenester lokalt. Museumslaget for Kraftmuseet er også ein viktig samarbeidspartnar for museet.

2. Økonomi

Kraftmuseet sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, tilskot frå stiftingar o.l., sponsorinntekter og eigeninntekter.

Årsrekneskapen for 2018 viser eit resultat på kr. 1 097 145. Stiftinga har pr. 31.12.2018 fri eigenkapital på kr. 2 357 250. Museet har opptent eigenkapital på kr. 5 877 829 (sjå note 11). Styret viser til note 15 i årsrekneskapen: Dersom netto pensjonsplikter vert balanseført, vil museet ha positiv opptent eigenkapital på kr. 1 709 717.

Overskotet skuldast nøktern økonomistyring, og styret sitt krav om styrka eigenkapital. Det er òg sett av kr. 681 530 på disposisjonsfond til investeringar som vil styrkja produktet, betra arbeidsmiljøet og på sikt føra til auke i eigeninntektene.

Av omsetting på kr. 16 490 866, var offentleg tilskot kr. 12 866 971 og annan inntekt kr. 3 623 895. Av annan inntekt er kr. 1 933 905 eigeninntekter i form av billettinntekter, sal butikk, kafé og catering, og sal av tenester.

Museet har positiv utvikling når det gjeld eigeninntekter, men baserer likevel drifta på offentlege tilskot. Statsbudsjettet for 2018 opprettheldt det løftet Kraftmuseet fekk frå Kulturdepartementet for 2017, slik at vi kan rekna med at museet no ligg fast inne på dette nivået. Frå Olje- og energidepartementet fekk museet eit løft på 1 mill. gjennom NVE si museumsordning. Sektorprinsippa rundt tilskot til FDV i Tyssedal kraftverk, fekk sin konklusjon medio 2018. Riksantikvaren og AS Tyssefaldene gjekk inn i eit spleiselag for finansiering av innvendig vedlikehald. Dette gav likevel Kraftmuseet lågare tilskot enn det vi tidlegare har fått frå Riksantikvaren. Odda kommune og Hordaland fylkeskommune heldt seg på same tilskotsnivå som tidlegare.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum pr. 31.12.2018.

3. Fornyng

Prosess for å gje museet nytt namn fekk sin konklusjon i styremøte 18. juni, der det nye namnet vart vedteke til Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Vedtektsendring vart gjennomført som følgje av namneendringa. På hausten gjennomførte museet arbeid med ny grafisk profil, som var klar i desember. Som ein del av dette arbeidet, gjorde vi også endringar på nokre avdelings-/arenanamn. Statkraftstova fekk nytt namn Kraftstova. Sindark fekk nytt namn Industriarkivet. Odda vitensenter fekk nytt namn KraftLaben.

Dei tilsette har fått auka kompetansen gjennom deltaking på ei rekkje kurs og seminar, både i Noreg og utlandet. Tilsette ved Kraftmuseet har også bidrege som innleiarar, noko som byggjer den faglege tyngda vår og gjer museet sin ekspertise ettertrakta. Museet fekk styrka kompetansen innan formidling/museumspedagogikk ved tilsetting av leiar for dokumentasjons- og formidlingsavdelinga og leiar for vitensenteret/undervisningsleiar. Dette skjedde i samband med at museet omorganisert frå tre til to fagavdelingar, ved å samla formidling og dokumentasjon/samling/forskning. Samarbeidet i NVE si museumsordning er kompetansebyggande, og styrkar museet sitt faglege nettverk. Auka økonomi i dette samarbeidet, har gjeve større samarbeid og fyldigare resultat i 2018 enn tidlegare. Innan organisasjonsutvikling var personaturen til Telemark i september nyttig, både sosialt og fagleg.

Kraftmuseet framstår som ein stadig meir attraktiv kompetansearbeidsplass. Sterk søknad til utlyste stillingar er eit teikn på det, og vi opplever at museet sitt arbeid får aukande respekt både lokalt og nasjonalt. Framleis satsing på Lilletopp som bemanna arena, styrkjer museet sin attraksjonsverdi.

Forhandlingane med AS Tyssefaldene om Tysse dal kraftverk vart avslutta i møte mellom partane 31. mai, der konklusjon var at det ikkje var grunnlag for vidare forhandlingar på grunn av avstanden mellom partane i spørsmålet om storleik på «medgift». Begge partar var samde om at den lange forhandlingsprosessen hadde vore lærerik og nyttig.



Frå arbeidet med ny grafisk profil saman med firmaet Knowit. Illustrasjon: Knowit

Museet arbeidde vidare ut frå ein stadig tydelegare strategi om å auka museet sin aktivitet i Odda sentrum. Det er aktuelt å flytta administrasjon til Odda saman med utviding av publikumstilboda våre der. Vi gjekk i dialog med Odda kommune om Lindehuset, der museet gav tilbod om å ta kulturhusprosjektet i bygget vidare, i ein kombinasjon med etablering av museumsfunksjonar. Ved årets slutt var museet kome til semje med kommunen om å inngå ein tjue års leigeavtale for Lindehuset.

Industriarkivet har særleg hatt eitt stort prosjekt i 2018: Boliden-arkivet. Prosjektet har fått godt tilslag på prosjektfinansieringa, og vil gå over fleire år. Gjennomføringa kom i gang i løpet av 2018, og har ført til ein fornya og god kontakt med Boliden AS. Prosjektet styrkar Industriarkivet sin posisjon med tanke på auka bemanning.

Arbeid med ei kraftig fornying av KraftLaben vart sett i gang etter at ny leiar kom på plass. Ein del prosjektmidlar kom inn i løpet av 2018, og arbeidet med dette held fram. Noko fysisk arbeid vart sett i gang, både på bygg/interiør og installasjonar.

Kraftmuseet hadde eit aktivt år på nasjonalt nivå, særleg gjennom NVE-samarbeidet der gjennomføringa av Alta-utstillinga og den nasjonale konferansen Dokiver2018 i kraftstasjonen var høgdepunkt. NVE si museumsordning har i seg ein del av dei positive elementa ein kan få ved ei museumskonsolidering, utan at samarbeidsmusea blir slått saman til éin organisasjon.



Frå opninga av utstillinga «Kampen om Alta». Foto: Kraftmuseet

Gjennom 2018 kom det signal, m.a. frå Kulturdepartementet, om at det kan bli aktuelt med ein ny runde museumskonsolideringar. Det kom òg signal, m.a. frå Hordaland fylkeskommune, om at dette helst er aktuelt for museum som sjølv ynskjer ei slik endring. Kraftmuseet avgrensa i 2018 sin aktivitet på området til å ha samtalar med Kvam herad og Hordaland fylkeskommune om å innlemma Ålvik industriarbeidarmuseum i Kraftmuseet. Prosessen hadde ei positiv utvikling, og held fram.

Museet sin strategiplan hadde virketid 2014-2017. På grunn av den uavklarte situasjonen rundt eventuell overtaking av Tyssedal kraftverk, avventa vi prosess med ny plan, og utvida strategiplanen si virketid til ut 2018. Hausten 2018 sette vi i gang arbeid med strategiplan for 2019-2024. Denne skal vedtakast i juni 2019.

4. Forvaltning

Kraftmuseet forvaltar mange viktige materielle kulturminne, i Tyssedal kraftverk, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefonngata som dei mest framstående. Per 31.12.2018 eigde vi eller hadde ansvar for 24 bygg, 1 freda fartøy, 12.000 registrerte gjenstandar, fleire hundre intervju, vel 130 kulturhistoriske filmar, kring 135.000 fotografi og ei biblioteksamling med ca. 4.300 objekt. I tillegg har museet ei samling av 270 privatarkiv. Kraftmuseet har registrert 17 arkiv i ASTA i løpet av 2018, der ferdigstillinga av arkivet til Odda smelteverk (460 hyllemeter) var ein milepåle.

I 2018 hadde museet prioritet å arbeida med museet sitt planverk. Sikringsplan og forskingsplan vart oppgraderte, og vi la stor innsats i å laga ny samlingsplan. I tillegg starta vi arbeidet med prosjektet vi kallar «ROS-analyse med brannvernplan – komplettering av sikringsplan», som vi fekk finansiert gjennom sikringsmidlar frå Norsk kulturråd.



Sikringsarbeid og HMS har prioritet. Her frå brannvernrunde i 2018. Foto: Kraftmuseet


Forvaltning, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftanlegg vart i 2018 handtert innanfor noko trongare rammer enn før sektorprinsippet slo inn. Vi har likevel greidd å ikkje koma på defensiven i høve forfall. Det nye universelt utforma toalettet i nord vart gjort ferdig og teke i bruk i 2018. På smelteverkstomta i Odda har vi prioritert arbeid på Bygg 026, og er nesten ferdig med istandsettinga der.

Industriarkivet sitt arbeid med privatarkiv har hatt betydeleg framgang, særleg gjennom prosjektet Boliden-arkivet, men òg andre oppgåver. Aktiviteten med privatarkiv er krevjande sidan privatarkiv

ikkje har same lovvern som offentlege arkiv. Museet har eit kontinuerleg engasjement på nasjonalt nivå for å betra vilkåra for privatarkiv.

Det var i 2018 god kontinuitet i arbeidet med å gjera samlingane tilgjengelege for publikum, m.a. gjennom digitalisering på plattformer som digitaltmuseum.no, på nettsida vår og på Facebook. I NVE si museumsordning starta vi førebuingane til arbeid med ein ny digital plattform for vår felles tematikk. Dette er eit prosjekt som vil få stor vekt framover. Fotoarbeidet ved museet var betydeleg i 2018, både med omsyn til innsamling, sikring og ny fotografering/filming.

Vi sette høgare trykk på arbeidet med å få på plass nytt gjenstandslager/magasin med arbeidsrom og visingsfunksjon i Bygg 026 på smelteverkstomta, og ventar på svar på søknad om økonomisk støtte.



Skisse av det omsøkte lager/magasinprosjektet i Bygg 026

Samarbeidet vårt i NVE si museumsordning grip inn i fleire deler av museumsarbeidet. Hovudaktivitetar i 2018:

- Deltaking i FoU-prosjektet *Dokumentasjon av sektorens kulturminner*, der konferansen Doki-ver2018 i Tyssedal markerte slutten på prosjektet.
- Deltaking i FoU forprosjekt «Kraftverk; arkitektur, funksjon og teknologi».
- Deltaking i formidlingsprosjekt om Alta-utbygginga, med produksjon av fysisk og digital utstilling.
- Kartlegging av behovet for samling av kulturdata og drift av nettstaden www.vasskrafta.no
- Periodisk vedlikehald i Tyssedal kraftverk

Når det gjeld immateriell kulturarv, har Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfag framleis god drift i smia vår i Bygg 026. I tillegg bidreg museet til den immaterielle kulturarven mellom anna ved å halda i hevd tradisjonelt handverk i vedlikehald og restaurering av anlegga våre.

5. Formidling

Formidlingsarbeidet retta mot publikum var aktivt og variert i 2018. Samtidig prioriterte vi å bruka ressursar på ny formidlingsplan, som framleis er under arbeid. Vi utførte òg andre langsiktige tiltak, som å justera undervisningsopplegget opp mot nye læreplanar og oppretta nærare samarbeid med skulane i regionen. Oppgradering av KraftLaben er òg eit arbeid som vil gje resultat over tid.

Det totale besøkstalet gjekk nok ein gong opp, frå 22 245 i 2017 til 22 874 i 2018. Dette skjedde på trass av at vi hadde ein uvanleg tørr og varm sommar, som jamt over hemma museumsbesøket i landet. Kraftmuseet merka òg dette. Dei få dagane det regna, såg me ein markant auke av besøkande i kraftstasjonen.

Besøkstal

	2016		2017		2018	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	1 704	8 568	2 186	12 606	2 854	13 943
KraftLaben (Vitensenteret)	4 902	3 257	3 238	2 637	3 813	2 301
Andre	375	2 510	270	1 308	529	2 288
SUM	6 981	14 335	5 694	16 551	7 196	15 678
Totalt	21 316		22 245		22 874	

Museet hadde òg merkbart fleire betalande gjester enn tidlegare. Vi 8 619 betalande i 2018, mot 8090 i 2017. Også på andre vis la kvar og ein igjen meir pengar. Sal av varer i butikken, billettinntekter og utleige både med og utan servering utgjorde i 2018 ca. 803 000 NOK, om lag 100 000 NOK meir enn i 2017. Særleg auka utleige av lokale med servering, med 177 000 i 2018, mot 135 000 i 2017.



Vi har stadig oftare middagar i kraftstasjonen. Her feirar Odda kommune og NVE ferdigstillinga av sikringa av Opo i 2018. Foto: Kraftmuseet

Den arenaen vår som hadde direkte positiv effekt av finværet på sommaren, var Lilletopp. Men når besøkstalet gjekk monaleg opp her, skuldast det òg målretta marknadsføring og at tilbudet byrja å setja seg. Dette var sesong nummer to med kafé og omvisingstilbod kvar dag på Lilletopp. Vi hadde ein auke i førehandsbestilte grupper som gjekk til Lilletopp, og individuelle gjester.

Fleire og fleire lokale har fått auga opp for Lilletopp dei siste åra, og dei er flinke til å henvisa turistar og andre vitjande dit. I tillegg får vi draghjelp frå både turistinformasjonen og Trolltunga Active. Lilletopp har utmerka seg som eit godt kjent lågterskelalternativ til Trolltunga.

Våren 2018 blei det inngått ein avtale, der Kraftmuseet kjøpte guidetenester på Lilletopp av Trolltunga Active. Fem dagar i veka i sommarsesongen var det Trolltunga Active som stod for vertskap på Lilletopp, mens Kraftmuseet hadde vertar der to dagar i veka. Trolltunga Active sine folk fekk god opplæring av Kraftmuseet. Dette var ei god ordning for begge partar, og postivt med tanke på å knyta band mellom museet og det lokale reiselivet.

I juni blei ny leiar av KraftLaben tilsett, og starta med vidareutvikling av vitensenteret. Tilsettinga var for nær opptil sesongen til at vi merka det på besøkstalet i vekedagane i sommar, men sidan vi hadde fleire barnehagar og skuleklasser utanom sesongen er besøkstalet litt høgare enn året før. Vi har òg fått inn ein god del midlar til vidareutvikling av KraftLaben, og arbeidet med oppgradering blei starta hausten 2018.



Stappfullt i KraftLaben i potetferietilbod for born og arrangementet Skål Odda! for vaksne. Foto: Kraftmuseet

Vi hadde noko færre undervisningsopplegg i 2018 enn året før, men gjennomførte mellom anna «Borna på Bakke», «Røyrgatelangs», «Tysso III» og ikkje minst det omfattande «Smartare energi». Det generelle undervisningsopplegget i museet gjekk gjennom ei oppgradering i 2018. Vi gjekk også inn i samarbeidet Museumslosen, som presenterer skuleopplegg gjennom nettsida www.mulo.no. Med dette har vi lagt eit godt grunnlag for vekst framover.

Sjølv om vi har lagt ressursar i å utvikla arenaer som KraftLaben og Lilletopp, er det kraftstasjonen i Tyssedal som er det viktigaste formidlingsobjektet vårt. Introduksjon gjennom bildespelet «Industrieventyret» med omvising i kraftstasjonen etterpå, er eit godt og slitesterkt opplegg. Også i 2018 var dette sjølv kjerneproduktet til museet når det gjeld formidling.

Det at vi fekk ferdig det universelt utforma publikumstolettet nord i turbinhallen, var med på å gjera kraftstasjonen meir anvendeleg til arrangement. Her var det ei positiv utvikling i 2018, der me òg erfarte at lokale bedrifter og kommunen i aukande grad ynskjer å bruka det storslagne lokalet. Av store arrangement i kraftstasjonen i 2018, der museet ikkje var arrangør, kan vi nemna: Hydrogensymposiet, Odda kommune/NVE sin gallamiddag ved opninga av Opo-prosjektet, konsert under Hardanger musikkfest, næringsmøte i samband med Litteratursymposiet, Tyssedalkoret sin julekonsert.



Kraftstasjonen er allsidig. Til venstre frå Hydrogensymposiet, til høgre frå moteshow. Foto: Kraftmuseet

Kraftmuseet arrangerte sjølv mange vellukka hendingar, både i kraftstasjonen og på andre arenaer. Variasjonen var stor, frå moteshow i kraftstasjonen med 300 i publikum, til AdUndas-konsert i fordelingsbassenget på Lilletopp med gode 50 frammøtte. Den nasjonale konferansen DOKIVER2018 var eit stort løft, som vi tok saman med NVE. Opninga av Alta-utstillinga, og Fosse-arrangementet knytt til naturvernproblematikk i Skjeggedal, var gode arrangement som begge handla om dilemmaet mellom vern og utbygging. M/Y Tyssø hadde eit bra aktiv år, med deltaking både på Hardanger trebåtfestival, Hardanger musikkfest, Wings&Wheels og Fjordsteam i Bergen.

Museumslaget heldt oppe sitt jamne og stødige arbeid gjennom 2018, med utgjeving av publikasjonen Liv&Rør – og vellukka i juleverkstad i Folgefonngata som høgdepunkt.

Vi laga ingen nye utstillingar i 2018, bortsett frå utstillinga «Kampen om Alta» som var samarbeidsprosjekt i NVE si museumsordning. Fleire av vandretutstillingane våre var i verksemd gjennom året.

Vi hadde auka besøk på digitale arenaer, og godt engasjement i sosiale medium, særleg på Facebook-sidene til museet og KraftLaben. Google er den plattformen dei fleste besøkande finn oss på, og treffa på Google er større enn åra før.

2018 var på det jamne når det gjeld medieoppslag. Lokalt hadde vi svært god dekning av både Hardanger Folkeblad og Radio Folgefonn. Noko redaksjonell omtale var det òg i andre aviser i regionen, og i fagtidsskrift. Vi hadde besøk av enkelte internasjonale journalistar/filmteam, med uvisst resultat/effekt. Å koma inn i nasjonale medium som NRK og TV2 er i noko grad bestemt av tilfeldigheter, og vi hadde ikkje lukka med oss i 2018. Fleire av formidlingstiltaka vi sette i gang i 2018, har potensial til å gje god mediedekning i tida framover.

6. Forsking

Kraftmuseet hadde aktiv kunnskapsproduksjon i 2018, i tråd med museet sin forskingsplan. Framleis har ikkje museet tilsette med forskingskompetanse, men styrka likevel kompetansen med å tilsetja to personar med høgare utdanning (leiar for dokumentasjon og formidling, og museumspedagog/leiar for KraftLaben) og med at direktør fekk godkjenning som NMF-konservator.

Gjennom 2018 hadde museet tre forskingsprosjekt gåande:

- Den tidlege industrireisinga i Odda, i samarbeid med Uni Research Rokkansenteret. Fagfelle-vurdert artikkel vart på slutten av året send til Historisk tidsskrift for publisering der.
- Kraftverksarkitektur, funksjon og teknologi. Eit samarbeidsprosjekt koordinert gjennom NVE si museumsordning, der samarbeidspartar er Kraftmuseet, NVE, Hordaland fylkeskommune og Telemark fylkeskommune. Dette er planlagt å ta vidare som eit hovudprosjekt.
- Den nordiske velferdsmodellen, eit nettverksprosjekt i Nasjonalt nettverk for teknologi- og industrihistorie. Konkret arbeid vart ikkje sett i gang frå Kraftmuseet si side i 2018, men vi var på planleggingssamling og førebudde prosjektet.

I tillegg vart museet saman med NVE, via Norsk forskningsråd, invitert inn i forskingsprosjektet *HYscapes* koordinert frå Politecnico di Torino, og vil stå som partner i søknad på Horizon2020-midlar.

I tillegg har Kraftmuseet levert ei rekkje artiklar i ulike publikasjonar. I 2018 hadde vi på trykk desse populærvitenskaplege artiklane:

- Eit iskaldt pionerprosjekt. Forfattar Marit B. Mannsåker/Kraftmuseet. Art. i Anleggs-magasinet, 2018.
- Kraftkrevjande psykiatri. Forfattar Åsne Dolve Meyer/Kraftmuseet. Art. i Anleggs-magasinet, 2018.
- Farefull anleggstid for fliseguten Rasmus. Forfattar Knut Markhus/Kraftmuseet. Artikkel i *Årboka Hardanger*, Hardanger Historielag 2018.


I tillegg utførte vi kontinuerleg kunnskapsproduksjon til våre eigne formidlingsopplegg og heimesider/Facebook, og dokumentasjonsavdelinga hadde rekvisisjonar frå publikum frå mellom anna arkiv og fotosamling. Dokumentasjonsprosjekta våre er viktige bidrag til forskning og kunnskapsproduksjon. I 2018 slutførte vi prosjektet om Mauranger kraftverk, for Statkraft.



7. Oppsummering

2018 var eit innhaldsrikt år for Kraftmuseet, med høgt aktivitetsnivå i heile organisasjonen. Vi fekk eit godt resultat både i produksjon, besøkstal og økonomi, og brukte samtidig ein heil del ressursar på arbeid som først og fremst vil bera frukter over tid. Vi laga solide, langsiktige plandokument, starta framtidsetta oppgradering i KraftLaben og la grunnlag for vekst i museet gjennom vår nye posisjon i Lindehuset. Kanskje det viktigaste er at vi gjennom nytt namn og ny grafisk profil fekk reiskapar til å gjera museet meir tydeleg og betre kjent.

Odda 25. februar 2019




Rolf Nesheim,
styrelslar



Knut Markhus,
direktør



Toralf Mikkelsen,
nestlslar



Trude Hoflandsdal Letnes,
styremedlem



Tore M. Sellæg,
styremedlem



Hans Henrik Haukaas,
styremedlem



Margit Aga Jordal,
styremedlem



Bjørn Seim,
styremedlem



Svein Jastad,
styremedlem

8. Revisjonsmelding

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til styre i Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum årsregnskap som viser et overskudd på kr 1 097 756. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i Årsrapport 2018, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen. Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen. I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og direktørs ansvar for årsregnskapet

Styret og direktør (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig

for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig

ODDA, 28. februar 2019

Odda Revisjon AS



Nils Magnus Berge
Statsautorisert revisor

9. Resultatregnskap og balanse

Årsregnskap

**Kraftmuseet -
Norsk vasskraft- og
industriadmuseum**

2018

Resultatregnskap

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

	Note	2018	2017
DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salgsinntekter		1 082 975	1 309 620
Billettinntekter		427 004	392 163
Tilskudd fra Odda Kommune		1 256 000	1 256 000
Tilskudd fra Stat og Fylke	2	9 310 971	8 680 255
Andre tilskudd	2	3 059 656	2 583 579
Årets inntektføring av periodiserte tilskudd		930 334	1 256 390
Andre driftsinntekter		423 926	404 181
Sum driftsinntekter		16 490 866	15 882 188
Varekostnad		315 762	201 384
Beholdningsendring egentilvirkede anleggsmidler	4	0	-159 560
Lønnskostnad	3, 15	9 598 874	9 012 038
Avskrivning varige driftsmidler	4, 12	161 020	160 087
Kostnader lokaler		1 574 796	1 200 208
Honorarer	3	904 270	1 113 665
Kontorkostnader		388 705	283 093
Reiser og kilometergodtgjørelse		299 063	222 044
Reklame, annonser og representasjon		224 034	102 680
Utstillinger og formidling		50 594	86 171
Serviceavtaler og forsikringer		154 966	197 862
Vedlikehold bygninger og utstyr		1 158 411	592 848
Andre driftskostnader		522 833	480 249
Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tysso"		40 393	140 219
Sum driftskostnader		15 393 720	13 632 986
Driftsresultat		1 097 145	2 249 202
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		53 171	63 104
Annen finansinntekt		37 589	36 197
Annen rentekostnad		89 995	94 971
Annen finanskostnad	5	154	12 047
Netto finansresultat		611	-7 716
Ordinært resultat		1 097 756	2 241 486
ARSRESULTAT		1 097 756	2 241 486
OVERFØRINGER			
Overført til/ fra disposisjonsfond		681 530	650 000
Overført til/ fra vedlikeholdsfond		278 223	761 695
Overført til/ fra nettleigefond		138 003	0
Overført til/ fra annen egenkapital		0	829 791
Sum overføringer		1 097 756	2 241 486

Balanse

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

	Note	2018	2017
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Bygninger og annen fast eiendom	4, 13	3 825 287	3 554 694
MY Tyssø	4	250 000	270 000
Driftsløsøre, inventar, kontormaskiner o.l.	4	205 407	72 895
Sum varige driftsmidler		4 280 694	3 897 589
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	5	310 145	264 290
Sum finansielle anleggsmidler		310 145	264 290
Sum anleggsmidler		4 590 839	4 161 879
Omløpsmidler			
Varer			
Varebeholdning	6	27 035	55 408
Sum varer		27 035	55 408
Fordringer			
Kundefordringer	7	1 052 361	668 744
Fordring prosjektmidler	8	310 000	136 570
Andre fordringer	9	542 478	529 047
Sum fordringer		1 904 839	1 334 361
Bankinnskudd, kontanter o.l.	10	7 996 231	6 135 982
Sum omløpsmidler		9 928 105	7 525 751
SUM EIENDELER		14 518 944	11 687 630

Balanse

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

	Note	2018	2017
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Stiftelseskapital	11	260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	11	2 357 250	2 357 248
Disposisjonsfond	11	1 331 529	650 000
Fond Vasskrafta.no	11	4 670	4 670
Vedlikeholdsfond	11	1 881 235	1 603 012
Nettleigefond - fjernvarme	11	303 146	165 143
Sum opptjent egenkapital		5 877 829	4 780 073
Sum egenkapital	11	6 137 829	5 040 073
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Periodisert tilskudd MY TYSSO	12	250 000	270 000
Sum avsetninger for forpliktelser		250 000	270 000
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	13	2 153 801	2 215 523
Øvrig langsiktig gjeld	13	550 000	550 000
Sum annen langsiktig gjeld		2 703 801	2 765 523
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 162 901	916 746
Skyldige offentlige avgifter		602 448	543 402
Påløpt lønn, feriepengar ol.		997 321	843 756
Forskudd prosjekter	14	2 231 729	1 004 169
Annen kortsiktig gjeld		432 915	303 961
Sum kortsiktig gjeld		5 427 313	3 612 033
Sum gjeld		8 381 114	6 647 556
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		14 518 944	11 687 630

Tyssedal, 31.12.2018 / 25.02.2019

Styret for Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Rolf Nesheim
Rolf Nesheim
Styreleiar

Knut Markhus
Knut Markhus
Direktør

Toralv Mikkelsen
Toralv Mikkelsen
Nestleiar

Trude Hoflandsdal Letnes
Trude Hoflandsdal Letnes
Styremedlem

T. M. Sellæg
Tore M. Sellæg
Styremedlem

Hans Henrik Haukaas
Hans Henrik Haukaas
Styremedlem

Margit Aga Jordal
Margit Aga Jordal
Styremedlem

Bjørn Seim
Bjørn Seim
Styremedlem

Svein Jastad
Svein Jastad
Styremedlem

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Org nr. 071160644

10. Notar

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum Noter til regnskapet 2018

Note 1 Regnskapsprinsipper

Kraftmuseet - Norsk vasskraft og Industristadmuseum er en privat stifting uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er sammenstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er førte på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsførte løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

Offentlige tilskudd

Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringsstilskudd er ført både brutto og netto i balansen ut fra det som gir best informasjon. Bruttoføring vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til. Nettoføring vil si at tilskuddet går til fratrukk i eiendelens kostpris.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Ved vurdering av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

Bevaringsverdige eiendeler

Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært over driftsmidlenes forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Finansielle anleggsmidler

Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbigående.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Noter til regnskapet 2018

Varelager

Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Pensjoner

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er i tråd med god regnskapsskikk for små foretak ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med

Skatter

Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i regnskapsåret.

Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

	2018	2017
Tilskudd fra Kulturdep. og Riksantikvaren	7 975 971	7 310 255
Tilskudd fra Fylkeskommunen	1 335 000	1 370 000
Tilskudd fra NVE	2 300 000	1 750 000
Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statskraft	735 656	718 579
Tilskudd fra andre	24 000	115 000
Sum inntekter tilskudd	12 370 627	11 263 834

Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

	2018	2017
Netto lønnskostnader	7 495 195	6 821 361
Styrehonorar	23 500	30 500
Arbeidsgiveravgift	945 320	898 623
Pensjonskostnader	1 002 874	1 124 466
Andre personellkostnader	131 985	137 088
Sum personellkostnader	9 598 874	9 012 038

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	16,2	15,8
---	------	------

Museet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

Ytelser til ledende personer	Lønn	Pensjons- kostnader	Annen godtgjørelse
Direktører	802 896	95 689	7 411
Styre	0	0	0

Det er ikke ytt lån eller stillet sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet. Ingen ansatte har avtale om bonus eller særskilt vederlag ved opphør eller endring av ansettelsesforhold.

Revisor

Godtgjørelse til revisjon utgjør i 2018 kr 60 772 eks.fordelt mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 26 483 eks. fordelt mva.

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum
Noter til regnskapet 2018

Note 4 Varige driftsmidler

	Bygninger og annen eiendom	M/Y Tyssø	Driftsløsøre, inventar og lignende.	Sum
Anskaffelseskost 01.01	6 983 004	400 000	1 782 101	9 165 105
Tilgang kjøpte driftsmidler	950 085	0	179 805	1 129 890
Tilgang egentilvirkning bygninger	0	0	0	0
- Avgang	0	0	0	0
- Mottatt offentlige investeringstilskudd	-3 627 626		-123 664	-3 751 290
Anskaffelseskost 31.12	4 305 463	400 000	1 838 242	6 543 705
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	-366 447	-130 000	-1 585 543	-2 081 990
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-480 174	-150 000	-1 632 836	-2 263 010
Bokført verdi	3 825 289	250 000	205 407	4 280 694
Årets avskrivninger	113 727	20 000	47 293	
Tilbakeført periodisert investeringstilskudd		-20 000		
Årets netto bokførte avskrivninger	113 727	0	47 293	161 020
Avskrivningssats	1% - 10%	5 %	15% - 33,3%	
Avskrivningsplan	lineær	lineær	lineær	

Note 5 Investeringer i aksjer og andeler

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

Selskap	Anskaffelses- kost	Bokført verdi	Eierandel
Reisemål Hardanger	2 000	2 000	< 10%
Fossenes Dal	2 500	1	< 10%
Sum	4 500	2 001	
Egenkapitalinnskudd KLP		308 144	
Sum		310 145	

Note 6 Varelager

Varelageret består av kioskvarer, bøker for videresalg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukurante varer er nedskrevet til virkelig verdi

Varer	2018	2017
Opptalt varebeholdning bøker og billetter	29 505	60 664
Ukurans	-2 470	-5 256
Sum	27 035	55 408

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum Noter til regnskapet 2018

Note 7 Kundefordringer

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

Kundefordringer	2018	2017
Kundefordringer til pålydende	1 068 528	511 570
Opptjente ikke fakturerte inntekter	18 333	174 709
Avsetning til tap på usikre fordringer	-34 500	-17 535
Sum	1 052 361	668 744

Note 8 Fordring på prosjektmidler

Muséet fått tilsagn om tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2018. Krav på restutbetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

Prosjekt	Beløp	Tilskudd gitt av:
Istandsetting bygg 26 (Smia)	110 000	Hordaland Fylkeskommune
Boliden-arkiv	200 000	Arkivverket
Sum tilskudd	310 000	

Note 9 Andre fordringer

Av andre fordringer utgjør til gode merverdiavgift kr 281 322, forskuddsbetalt forsikringer og andre forskuddsbetalte kostnader kr 261 156.

Note 10 Bundne bankinnskudd

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetreksmidler kr 317 040.

Note 11 Egenkapital

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2018 og er uendret fra 2004.

	Egenkapital 01.01	Overført til/ fra fond	Årets resultat	Egenkapital 31.12
Stiftelseskapital	260 000	0		260 000
Annen egenkapital	2 357 248	0	0	2 357 248
Disposisjonsfond	650 000	0	681 530	1 331 530
Fond Vasskrafta.no	4 670	0	0	4 670
Vedlikeholdsfond	1 603 012	0	278 223	1 881 235
Nettleigefond - fjernvarme	165 143	0	138 003	303 146
Sum	5 040 073	0	1 097 756	6 137 829

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum Noter til regnskapet 2018

Note 12 Periodisering tilskudd

Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tysso:

Muséet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tysso. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av MY Tysso som avskrives over 20 år. Det er i 2018 inntektsført kr 20 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2018 til kjøp av MY Tysso utgjør kr 250 000.

Note 13 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler:	2018	2017
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	2 153 801	2 215 523
Sum pantsikret gjeld	2 153 801	2 215 523

Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld til kredittinstitusjoner	2018	2017
Bygninger, gnr 60 bnr 334	2 984 008	3 069 619
Totalt	2 984 008	3 069 619

Øvrig langsiktig gjeld	2018	2017
Langsiktig gjeld til Odda kommune	550 000	550 000
Sum øvrig langsiktig gjeld	550 000	550 000

Lån fra Odda kommune er rente og avdragsfritt i 5 år, og forfaller til betaling i sin helhet 30.06.2020.

Kr 1 858 648 av langsiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

Note 14 Forskudd prosjekter

Muséet har fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2018. I tillegg har museet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12.2018. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

Forskudd tilskudd	2018	2017
Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12	1 077 076	733 169
Prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12	1 154 653	271 000
Sum	2 231 729	1 004 169

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Noter til regnskapet 2018

Note 15 Pensjonsordninger

Museet har inngått er pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 15 aktive medlemmer og 6 pensjonister i ordningen pr 31.12.2018. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsført. For 2018 utgjør denne kostnaden kr 1 002 874 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balanseført pensjonsforpliktelse på:

	31.12.2018	31.12.2017
Brutto påløpt pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	21 913 405	20 105 404
Pensjonsmidler	-16 060 995	-14 994 462
Arbeidsgiveravgift	620 355	541 760
Ikke resultatført actuariell gevinst/ tap	-2 044 653	-1 352 540
Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	4 428 112	4 300 162